



## MØTEBOK

### Budsjett 2019 Fitjar kommune

Utval sak	Utval	Møtedato
24/18	Råd for funksjonshemma	26.11.2018

#### Utrykte dokument:

Alle dokument i budsjettsaka er å finna på Fitjar kommune si nettside:

<http://www.fitjar.kommune.no/budsjett-2019>

#### Bakgrunn:

Formannskapet handsama i møte 07.11.18 sak PS 79/18 – Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 – med slikt vedtak:

*Formannskapet sender rådmannen sitt forslag til «Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022» til Utval for oppvekst og omsorg, Utval for plan og miljø, Råd for funksjonshemma, Eldreråd og Ungdomsråd for uttale, og evt omprioriteringar. Formannskapet handsamar saka endeleg 05.12.18 og legg den deretter til offentleg høyring.*

*Kommunestyret handsamar saka 19.12.18.*

I det ein syner til vedtak i formannskapet, vert saka no sendt til råd for funksjonshemma for handsaming.

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

#### Behandling i Råd for funksjonshemma - 26.11.2018:

Råd for funksjonshemma drøfta budsjettforslaget for 2019 på møtet 26. november 2018 og kjem med denne uttalen:

1. Det bør setjast av 100.000 kr på investeringsbudsjettet til tilrettelegging av eksisterande bygg med tanke på universell utforming. Det er framleis ikkje alle kommunale bygg som har god nok universell utforming.
2. Slik me les infoen i budsjettforslaget vil ikkje spesialundervisninga for einskildelevar bli råka sjølv om ein sparar ein lærarstilling. Dersom ein tenkjer å redusera spesialundervisninga i 2019 for elevar som har vedtak, burde dette kome fram i sakspapira. Me legg derfor til grunn, slik det står omtalt, at desse timane er knytt opp mot noverande 10.klasse og at timane dermed naturleg fell bort frå august 2019.

#### Utale frå råd for funksjonshemma: (Samrøystes)

1. Det bør setjast av 100.000 kr på investeringsbudsjettet til tilrettelegging av eksisterande bygg med tanke på universell utforming. Det er framleis ikkje alle kommunale bygg som har god nok universell utforming.

2. Slik me les infoen i budsjettforslaget vil ikkje spesialundervisninga for einskildelevar bli råka sjølv om ein sparar ein lærarstilling. Dersom ein tenkjer å redusera spesialundervisninga i 2019 for elevar som har vedtak , burde dette kome fram i sakspapira. Me legg derfor til grunn , slik det står omtalt, at desse timane er knytt opp mot noverande 10.klasse og at timane dermed naturleg fell bort frå august 2019.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*